



# Årsrapport 2020

Samarbeidsavtale om God Helse



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

**Følgjande kommunar har per juli 2021 inngått God Helse samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2020-2023:**

Aukra kommune	Side 2
Aure kommune	Side 4
Averøy kommune	Side 7
Fjord kommune	Side 9
Giske kommune	Side 11
Gjemnes kommune	Side 13
Hareid kommune	Side 15
Herøy kommune	Side 18
Hustadvika kommune	Side 20
Kristiansund kommune	Side 22
Molde kommune	Side 25
Rauma kommune	Side 28
Smøla kommune	Side 31
Stranda kommune	Side 33
Sula kommune	Side 35
Sykkylven kommune	Side 37
Tingvoll kommune	Side 39
Ulstein kommune	Side 41
Vanylven kommune	Side 43
Vestnes kommune	Side 45
Volda kommune	Side 47
Ørsta kommune	Side 49
Ålesund kommune	Side 51

I årsrapporten har kommunane rapportert på det første året i avtaleperioden. Rapporten er bygd opp etter ein felles mal knyt til kommunane sine ansvarsområde i avtalen.

Rapporteringa vil leggje grunnlaget for vidare arbeid med å realisere måla i avtalen:

- Ei god samordning av folkehelsearbeidet i fylket og følge opp måla i den nasjonale, regionale og lokale folkehelsepolitikken
- Medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar

## Aukra kommune

<b>Kommune:</b>	Aukra
<b>Organisasjonsnummer:</b>	964 981 337
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Tove Charlotte Æsøy
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no">tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	908 09 646

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Tove Charlotte Æsøy
<b>Stilling:</b>	folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no">tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	908 09 646
<b>Namn:</b>	Anne Jorunn Sandøy
<b>Stilling:</b>	Kultursjef
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:anne.jorunn.sandoy@aukra.kommune.no">anne.jorunn.sandoy@aukra.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	959 07 055

	JA	NEI
Har følgende nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverkssmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		
Administrativt nivå	X	
Ulike sektorar	X	
Det har vore få samlingar siste året og berre digitale. Trur ikkje det har vore med nokon frå politisk nivå.		

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)			X
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)		X	
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d) I alle politiske saker er det eit punkt i vedtaket som heiter Folkehelsekonsekvensar. Folkehelse har vore tema på mange leiarmøte og dei tre foruma Førebyggande forum, SLT gruppe – koordinerande nivå og Rus-psykisk helse gruppe er bredt samansett tverrsektorielt.			X
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			X
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)		X	

### Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)

Aukra kommune har hatt og har eit jamleg samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Ein del av dette samarbeidet har det vore stopp i p.g.a. korona situasjonen det siste året. Det gjeld mellom anna den årlege førjulssamlinga, møter med velforeiningar, oppfølging av prosjektet «Frivilligheit og folkehelse». Vi har likevel

gjennomført ein del møter med frivillig sektor, nokre fysisk og ein del på Teams. Utviklinga av dette arbeidet har ikkje vore heilt som ønska p.g.a. denne situasjonen.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Dette har ikkje vore så aktuelt det siste året.
<b>Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Folkehelse er med i alle planar, og er gjennomgåande perspektiv i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi kan ble mykje betre på konsekvensar for folkehelse i planane, særleg i samband med til dømes arealplanar. Kommunen har Førebyggjande forum, SLT gruppe – koordinerande nivå og Rus -psykisk helse gruppe er bredt samansett tverrsektorielt.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Vi arbeidar med sektorovergripande folkehelsearbeid i dei foruma som er nemnd over i tillegg til leiargruppa. Vi kan bli betre på fokus på samfunnsutvikling.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
Kommunen har ikkje utarbeida oversiktsdokument (har eit utkast), men har folkehelse som eit gjennomgåande perspektiv i samfunnsplanen og i fleire andre planar. Utfordringar: Vi har mange unge som slit psykisk og er einsame. Rus og psykisk helse tenesta for denne gruppa bør bli betre. I siste Ungdata undersøking var det høgt tal på at dei ikkje var nøgd med helse. Vi strevar også med å nå tak i dei som av ulike grunnar fell ut frå vidaregåande skole og ikkje kjem seg i arbeid. Det har vore aukande rusproblem i kommunen den siste tida. Det sektorovergripande og systematiske folkehelsearbeidet kan bli betre. Aukra er sårbar for svingingar i arbeidsmarknaden. For tida er det ikkje drift ved verftet og mange er arbeidsledige. Vi har mange flyktningar og innvandrarakar i forhold til innbyggjartal, med dei utfordringar det fører med seg.
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområde for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b>
Arbeidet med oversiktsdokumentet er i gong. Sidan dette arbeidet ikkje vart knytt opp til planstrategien har vi valt å vente med å slutføre det til vi får med dei ferske tala frå Ungdataundersøkinga og den store «Folkehelseundersøkelsen» i Møre og Romsdal som begge vart gjennomført no i starten av 2021. SLT arbeidet er godt i gong med jamlege samlingar i både politiråd og koordinerande gruppe. Det er også vore jobba i mindre arbeidsgrupper mellom anna knytt til møteplassar for ungdom og Ungdata. Vi har to ungdomslosar som arbeider opp mot barn og ungdom som er slit med å møte på skolen. Dette arbeidet kom godt i gong i 2020 og held fram i år. Det har vore særers vellukka med nokre einskillelevar. Inkludering er eit fokusområde som mange arbeider med. Det er eit viktig tema i alt førebyggjande arbeid i kommunen. Både i MOT arbeidet og i prosjektet inkluderande skole og barnehagemiljø er dette eit fokus. Det sektorovergripande folkehelsearbeidet er betre med meir regelmessige samlingar. Opplæring av politikarar i folkehelsearbeid har ikkje vore gjennomført p.g.a. korona situasjonen. Det har også vore stopp i prosjektet frivilligheit for god folkehelse.
<b>Andre kommentarar</b>
2020 har vore eit år med unntakstilstand. Det har prega mange område i samfunnet, også folkehelsearbeidet.

## Aure kommune

<b>Kommune:</b>	Aure kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	988913898
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Synnøve Follestad, Folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Synnove.follestad@are.kommune.no">Synnove.follestad@are.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	90567275

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Geir Nielsen
<b>Stilling:</b>	Enhetsleder Helse og familie
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:geir.nielsen@are.kommune.no">geir.nielsen@are.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	41215591
<b>Namn:</b>	Synnøve Follestad
<b>Stilling:</b>	Folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Synnove.follestad@are.kommune.no">Synnove.follestad@are.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	90567275

	JA	NEI
Har følgende nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå		x
Ulike sektorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)			Starta
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)			delvis
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	x		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			ikke gjennomført denne perioden

Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)
Kommunen har et godt samarbeid med frivillig sektor, spesielt på tjenestenivå. Frivillig sektor blir inkludert inn i planarbeid og utvikling av tilbud i kommunen. Det kan fortsatt jobbes for å ha en mer proaktiv rolle over de frivillige organisasjonene. Veien videre er å jobbe med tilbakemeldingene som kommer fra frivilligheten, de ønsker å bli brukt mer. Mål for å utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor i et 4 års perspektiv er å etablere en arbeidsgruppe for å tydeliggjøre samarbeidsform og kommunikasjon.

<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Innbyggere blir inkludert når det utarbeides kommunale planer og de har mulighet til å komme med høringsuttalelser til planarbeidet.
<b>Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
I overordnet planarbeid er det til dels fokus på helse og trivsel i planleggingsarbeid. Både kortsiktig og langsiktig på tvers av sektorer. Hvilken sektor i kommunen som gjennomfører tiltak, variere ut fra utfordringsbildet og prioriteringene som blir gjort.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Vidareutviklingen gjøres i diverse planarbeid og samarbeidsfora.

## Status på Folkehelseutfordringer og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Andelen som bor i husholdninger med vedvarende lav inntekt, er høyere i Aure kommune enn i landet som helhet.</li> <li>- Muskel og skjelett-sykdommer er den største sykdomsgruppen i Aure kommune.</li> <li>- <i>Samfunnsrelatert stress har en negativ trend i Aure kommune – og den mest utsatte gruppen er unge og unge vaksne.</i></li> <li>- <i>Andelen som gjennomfører videregående opplæring er lavere i Aure kommune enn landsnivået.</i></li> </ul>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<p>De prioriterte arbeidsområdene for folkehelse i kommunen er fire punkt.</p> <p>Det jobbes med en helse og omsorgsplan som har fokus på å fremme folkehelse på tvers av sektorer, og helse og trivsel til våre innbyggere. På grunn av covid – 19 er ikke planen ferdigstilt, men arbeidet fortsetter og blir ferdigstilt i løpet av 2021.</p> <p>Helsefremmende og forebyggende tiltak til barn og unge. De er inkludert i planarbeid og utvikling av kommunen. Her er samarbeidet med ungdomsråd viktig.</p> <p>Helsefremmende og forebyggende tiltak blant voksne har Friskliv og mestring i Aure fokusert på i 2020. Friskliv og mestring har i 2020 etablert et tett samarbeid med psykisk helse for å utvikle et lavterskeltilbud til de med lett til moderate psykiske plager i tillegg til basistilbudet som blir gitt.</p> <p>Tilbudet i friskliv og Mestring vil fortsette å videreutvikles i 2021, tilbud blir mer rettet mot muskel og skjelettplager, som er den største sykdomsgruppen i Aure kommune.</p> <p>Et av kommunens folkehelseutfordringer er frafall fra videregående opplæring. I 2020 startet en arbeidsgruppe for å kartlegge muligheten med en oppfølging- og losfunksjon for ungdom. Dette er et viktig tiltak for kommunens satsing på helsefremmende og forebyggende tiltak rettet mot de unge. I starten av 2021 ble stillingen for Ungdomslos lyst ut. Det skal jobbes videre med dette i 2021.</p> <p>Samfunnsdelen ble lagt ut for høring i starten av 2021. Fokuset er et godt liv i en distriktskommune, med trygge og gode oppvekstvilkår, utjevne sosiale forskjeller, og samarbeide for å nå målene.</p>

Aure kommune skal tilrettelegge for at alle innbyggere opplever tilhørighet, medvirkning, blir hørt og tar medansvar. Som myndighet har Aure kommune et særskilt ansvar for å ivareta at svake og utsatte grupper, som ikke i like stor grad deltar, kommer til orde og at deres interesser blir ivaretatt.

**Andre kommentarer**

På grunn av Covid-19 pandemien har flere av kommunens prioriterte arbeidsområder ikke hatt den store framdriften som ønsket. Samt nyansatt folkehelsekoordinator som har brukt tid på å komme inn i jobben.

## Averøy kommune

<b>Kommune:</b>	Averøy kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	962 378 064
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Anne-Marit Sylthe
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:anne.marit.sylthe@averoy.kommune.no">anne.marit.sylthe@averoy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	48285118

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Anne-Marit Sylthe
<b>Stilling:</b>	Enhetsleder tildeling hvor koordinering av folkehelsearbeidet er lagt
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:anne.marit.sylthe@averoy.kommune.no">anne.marit.sylthe@averoy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	48285118
<b>Namn:</b>	Linda Johnsen
<b>Stilling:</b>	Saksbehandler tildeling – koordinere folkehelsearbeidet
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:linda.johnsen@averoy.kommune.no">linda.johnsen@averoy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	94186127

	JA	NEI
Har følgende nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		
Administrativt nivå	x	
Ulike sektorar		

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	x		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			x
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			x

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Har fått oversikt over frivillige lag og organisasjoner, fått bistand fra noen helselag ift. Koronapandemien. Samarbeid med idrettslag ift. Stikk UT. Det er på slutten av 2020 blitt en frivillighetskoordinator i Averøy. På grunn av smittevern og restriksjoner på hvor mange som kan møtes er det begrenset hva en har fått gjort.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbygarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Dette har også vært vanskelig p.g.a Korona, men i forbindelse med ny samfunnsdel av kommuneplanen ble det invitert til flere treff med få personer. Folkehelseoversikt og samfunnsdelen er politisk behandlet.



<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Ja, og vi samarbeider på tvers av enheter- god kontakt mellom helsestasjon, kommunepsykolog, psykisk helse, hjemmesykepleie, botjeneste og sykehjem slik at vi har god oversikt og kan samarbeide ved behov.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergrepande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Leder sitter i kommunesjefs stab hvor også kommunepsykolog, teknisk, personal og økonomi sitter. Her ble det blant annet jobbet med samfunnsplanen. Folkehelse er med i samfunnsdel av kommuneplan og også tema i omsorgsplan (vedtas nå i mars)

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtale

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatera utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
En av Averøys største utfordringer framover er at antallet eldre øker og at det blir færre i yrkesaktiv alder. Folkehelseprofilen viser at vi ligger høyere enn andre på røykende kvinner og psykisk symptomer/ lidelser.
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområde for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<p>Planen var å starte med <i>Forebyggende helsestasjon 65+</i>, og arrangere treffpunkt med ulike tema på kommunehuset ca. annen hver måned. På grunn av Korona og smittevern og restriksjoner på antall som kan møtes har vi bare kunnet gjennomføre ett møte.</p> <p>Barn og unges helse er styrket med at kommunepsykolog ukentlig er på ungdomsskolen. Har gjennomført ungdataundersøkelse.</p> <p>For å utnytte ressursene i psykisk helse er det tatt i bruk flere «selvhjelpsprogram» på nett som brukere må gjennomføre i tillegg til støttesamtaler.</p> <p>Generelt: 2020 har vært ett unntaksår hvor vi alle har fått nye oppgaver på grunn av Korona som måtte gjennomføres i tillegg til de vanlige oppgavene. Begrensning i antall som kan møtes og smittevern har gjort at det ikke har vært mulig å gjennomføre alt vi har ønsket.</p>

## Fjord kommune

Kommune:	Fjord
Organisasjonsnummer:	921 891 687
Skjemaet er utfylt av:	Kristi Linge Stakkestad
E-postadresse:	<a href="mailto:kristi.linge.stakkestad@fjord.kommune.no">kristi.linge.stakkestad@fjord.kommune.no</a>
Telefonnummer:	41867806

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Kristi Linge Stakkestad
Stilling:	folkehelsekoordinator
E-postadresse:	<a href="mailto:kristi.linge.stakkestad@fjord.kommune.no">kristi.linge.stakkestad@fjord.kommune.no</a>
Telefonnummer:	41867806
Namn:	Aud Lindis Ødegaard
Stilling:	Leiar digitalisering, plan og beredskap
E-postadresse:	<a href="mailto:aud.lindis.odegaard@fjord.kommune.no">aud.lindis.odegaard@fjord.kommune.no</a>
Telefonnummer:	41867805

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverkssmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		X
Administrativt nivå		X
Ulike sectorar	X	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	X		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)			X
Har kommunen forankra folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjer kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			X
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			X

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Frivilligsentralen samarbeider med lag og organisasjonar om ulike tiltak og inviterer til frivilligforum/samhandlingsmøte ein gong i året. Kommunen har samarbeidsavtale med enkelte organisasjonar.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Innbyggjarundersøking er gjennomført som ein del av arbeidet med ny kommuneplan. Tettstadutviklingsprosjektet har hatt brei involvering. Samarbeid med frivillige om til dømes utveljing av Stikk UT!-tursmål.

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
To tilsette har gjennomført kurs i helsekonsekvensutgreiing i planlegging.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Det er førebels ikkje etablert eit slikt samarbeidsforum.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdaterer utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<p>1. Folketalsutvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nedgang i folketalet/folketalsutviklinga</li> <li>• Tilgang på utleigebustadar/omsorgsbustadar/rimelege tomter</li> <li>• Tilgang på lokale arbeidsplassar/kompetansearbeidsplassar/bedrifter</li> </ul> <p>2. Sosiale helseforskjellar og livsstilsutfordringar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av sosiale media</li> <li>• Rus</li> <li>• Inntektsforskjellar/sosial ulikskap</li> <li>• Trygge gang- og sykkelveggar for kvardagsaktivitet</li> <li>• Overvekt og fedme 17-åringar</li> <li>• Støy og støv frå gjennomgangstrafikk</li> </ul> <p>3. Einsemd og utanforskap</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møteplassar for sosialt fellesskap, både formelle og uformelle</li> <li>• Isolasjon, einsemd, åleinebuande</li> <li>• Relasjonskompetanse/språkkompetanse – frå barnehagealder</li> <li>• Mobbing</li> <li>• Tilgang til kollektivtransport</li> <li>• Psykisk helse – symptom og lidingar</li> </ul>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområde for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<p>1. Fjord kommune er i gang med arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. Kunnskapsgrunnlaget i folkehelseoversikta er ei av kjeldene i arbeidet, og folkehelse skal vere eit gjennomgåande perspektiv i planen. Det er gjennomført innbyggerundersøking og workshop med kommunestyret.</p> <p>2. Presentasjon av folkehelseoversikta for ulike grupper i organisasjonen er planlagt i løpet av 2021, truleg i samband med andre aktuelle presentasjonar, som til dømes berekraftsrapporten og kommuneplanen.</p> <p>3. Frivilligforum gjennomført i oktober 2020. Arbeid med samarbeidsavtalar mellom kommunen og Fjord idrettsråd og Eidsdal Norddal Røde Kors. Det vart også gjennomført andre samhandlingstiltak, til dømes Barnas supersommar i regi av frivilligsentralen og i samarbeid med privatpersonar/organisasjonar, og markering av verdsdagen for psykisk helse med besøk av Helsesista, eit samarbeid mellom ungdomsråd, folkehelse, frivilligsentral, Mental Helse og lokalt næringsliv.</p> <p>4. Fjord kommune deltek i Stikk UT! og i nysatsinga Stikk UT! vinter. Valldal folkehelsepark er ein naturklatrejungle som er etablert ved Valldal skule. Det blir også arbeidd med eit liknande uteområde ved Syltebøen barnehage. Biblioteket i Valldal og frivilligsentralen i Stordal er møteplassar som har hatt litt aktivitet trass i pandemisituasjonen.</p> <p>5. Byggeklossen som førebyggjande forum skal i gang i 2021. Oversiktseminaret for rusfeltet i Fjord var planlagt til mars 2021, men er utsett til hausten.</p> <p>6. Det vert arbeidd med kulturplanen, ruspolitisk handlingsplan og samfunnsdelen av kommuneplanen. Ulike tverrfaglege prosjekt vil vere en del av dette.</p>

## Giske kommune

Kommune:	Giske kommune
Organisasjonsnummer:	964 980 721
Skjemaet er utfylt av:	Beate Standal
E-postadresse:	<a href="mailto:Beate.standal@giske.kommune.no">Beate.standal@giske.kommune.no</a>
Telefonnummer:	469 24 174

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Beate Standal
Stilling:	Kommunepsykolog
E-postadresse:	<a href="mailto:Beate.standal@giske.kommune.no">Beate.standal@giske.kommune.no</a>
Telefonnummer:	469 24 174
Namn:	Lene Bjørlo Overå
Stilling:	Kommunalsjef
E-postadresse:	<a href="mailto:Lene.bjorlo.overa@giske.kommune.no">Lene.bjorlo.overa@giske.kommune.no</a>
Telefonnummer:	416 16 109

	JA	NEI
Har følgende nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå	x	
Ulike sektorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)	x		
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	x		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			Planlagt, men utsett pga sjukmelding

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Samarbeid med frivillig sektor er eit satsingsområde for kommunen. Vi har allereie eit godt samarbeid, særskilt i regi av Frivillighetssentralen. Framover vil ein i enda større grad sjå korleis samarbeidet med frivillig sektor kan utviklast vidare.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbygarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
I samband med utarbeiding av ny samfunnsplan har innbygarane fått høve til å komme med innspel. Ein tenker at ein vidare også vil kunne bruke resultatane av folkehelseundersøkinga for å styre retninga på

folkehelsearbeidet. Rådgjevande organ har hatt sak om folkehelsekartlegging og Leve heile livet, til handsaming.
<b>Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Folkehelseoversikta ligg til grunn for kommunen sin planstrategi og er ein sentral del av denne. I tillegg har ein jamnlege møte kor representantar frå administrasjonen, arealplanleggarar, folkehelserepresentant m.fl. møtast. Noko av hensikten her er nettopp å auke sannsynligheita for at vi «tenker folkehelse i alt vi gjer.»
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Sjå punkt over. I tillegg har vi sett ned ei styringsgruppe God helse, som består av kommunedirektør, kommunalsjef, kommuneoverlege og folkehelsekoordinator. Og ei Folkehelsegruppe som består av folkehelsekoordinator, kommuneoverlege og 2 kommunepsykologar.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/opdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Giske kommune er i vekst og har mange tilflyttarar og stor andel born og unge.</li> <li>• Press på areal til bustad, og samstundes auka behov for areal til leik, idrett, friluftsliv og rekreasjon.</li> <li>• Ungdom i kommunen ser ut til å bruke mykje tid på skjermbruk, kjenner seg i aukande grad einsamme og ein har sett ei kraftig auke i talet på overvektige ungdommar. Ungdommen sjølv peiker mellom anna på at dei saknar eit aktivitetstilbod.</li> <li>• Utdanningsnivået blant tilsette i barnehagane er lavare enn i resten av landet.</li> <li>• Det er mangel på både formelle og uformelle møtestadar i kommunen, dette gjeld for alle aldersgrupper.</li> <li>• Tannhelsa til 12-åringane i kommuna er betydeleg dårlegare samanlikna med både fylket og landet, og den har også blitt betydeleg forverra frå 2015 til 2018</li> </ul>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kartlegging av eksisterande møtestader/aktivitetstilbod.</b> Her har ein påbegynt eit arbeid som nok treng jevnlig revidering. Ein kan finne ei oversikt både i folkehelseoversikta, samt på kommunen sine nettsider.</li> <li>• <b>Legge til rette for ei auke i antal møtestadar og aktivitetstilbod, med eit hovudfokus på ungdom og eldre.</b> Pandemisituasjonen har gjort dette utfordrande. Ein har like fullt fått gjennomført fleire aktivitetar; Frivilligsentralen har lagt ned eit stort arbeid opp mot born og unge, mellom anna opp mot barnefattigdom. Dei gjennomførte i 2020 aktivitetar i alle skuleferiar til denne gruppa. I tillegg har ein arrangert julekonsert for eldre og tur for bebuarar i bufellesskap.</li> <li>• <b>Søke midlar for oppretting av ungdomshus.</b> Søknad er oppretta, men dessverre ikkje innvilga.</li> <li>• <b>Søke midlar for oppretting av aktivitetstilbod for eldre.</b> Ein har søkt og fått midlar til dette, men planlagt aktivitet måtte utsettast pga pandemisituasjonen og sjukmelding. Det er planlagt gruppetilbod og fagdag for eldre haust 2021.</li> <li>• <b>Legge til rette for formelle og uformelle møtestader som kan påverke psykisk helse positivt, samt bidra til integrasjon og unngå isolasjon.</b> Sjå punkt lenger opp. Utfordringar i samband med korona og sjukdom har gjort at ein ikkje har kome så langt med dette arbeidet som ein har ønska.</li> <li>• <b>Legge til rette for at det skal vere mogleg å auke grad av fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.</b></li> <li>• <b>Legge til rette for å auke samarbeid med frivillige organisasjonar i kommunen.</b> Giske frivilligsentral er involvert i eit breitt og mangfaldig samarbeid med frivillige krefter i og utanfor kulturlivet og frivillige lag og organisasjonar. I samband med planlegging av tilbod for eldre er det også oppretta samarbeid med pensjonistlaga.</li> <li>• <b>Opplæring og rettleiing av barnehagetilsette.</b> Opplæring og rettleiing skjer i hovudsak i samband med einskildsaker som blir tilvist til PPT. Ein har også jamnleg undervisning om autisme i regi av TALK-prosjekt.</li> <li>• <b>Kartlegging av moglege årsaksforklaringar og tiltak som kan påvirke tannhelsa til småborn og skuleborn.</b> Her har ein oppretta eit samarbeid med distriktstannklinikken og fått ei god forståing av årsaksforklaringar. Ein vil gjere ei vurdering av kva type tiltak som vil kunne vere aktuelle.</li> </ul>

## Gjemnes kommune

<b>Kommune:</b>	Gjemnes kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	964981426
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Maaike M. Roorda
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Maaike.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no">Maaike.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	907 11 095

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Jørgen Jung Jensen
<b>Stilling:</b>	Leder for kultur og areal og drift
<b>E-postadresse:</b>	Jorgen.jung.jensen@gjemnes.kommune.no
<b>Telefonnummer:</b>	91157352
<b>Namn:</b>	Ragnhild Kleive
<b>Stilling:</b>	Leder for helse og omsorg
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Ragnhild.kleive@gjemnes.kommune.no">Ragnhild.kleive@gjemnes.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	95748857

	JA	NEI
Har følgende nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå	x	
Administrativt nivå	x	
Ulike sektorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)	x		
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			x
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)	x		

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Det har vært vanskelig det siste året med møter over Teams. En del av innbyggerne sliter med breiband og en del har vansker med å koble opp til Teams. Det har alltid vært mye dugnads/frivillig arbeid i Gjemnes og det ser ut til å fortsette slik. Vi har hatt flere evalueringskjema på forskjellige områder og ungdomsrådet har fungert.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggerane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Ja

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Ja
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Ja, gruppe består av; folkehelsekoordinator, rådmann, kommunelege, kulturleder, leder for areal og drift, leder for helse sosial, psykisk helse, barn og ungdomsrepresentant og helsesykepleier.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<p>Gjemnes kommune har</p> <p>Utfordring 1: Utfordringar med trafikkisikkerhet på forskjellige plasser i kommunen.</p> <p>Utfordring 2: Usikkerhet om smittevernplan fra 2003 er bra nok.</p> <p>Utfordring 3: Utenforskap i form av å ikke være en del av et fellesskap i utdanning, arbeid og fritid er en risiko for dårlig helse og livskvalitet. Psykisk helse for barn, unge og eldre i kommunen kan forbedres. Ungdomsmiljøet er utfordrende.</p> <p>Utfordring 4: Kommunen trenger nye innflyttere, flere barn og mer kvalifisert personell. Det er viktig at kommunen jobber aktivt for å forbedre sitt omdømme og at innbyggerne føler mer tilhørighet. Småbruk som står tomme store deler av året påvirker nabolaget negativt.</p> <p>Utfordring 5: Kommunen vil få en økt andel eldre innbyggere (over 67 år) i framtiden. Det vil være viktig at eldre er og holder seg så friske som mulig, så lenge som mulig. Det vil også være viktig at de får mulighet til å bidra i lokalsamfunnet etter egne ønske og forutsetninger.</p> <p>Utfordring 6: Kommunen har en større andel fallskader enn gjennomsnittet for landet og fylke, som hodeskader og hoftebrudd. Dette gjelder eldre og barn/ungdom. Generelt går tallene på folkehelse sykdommene opp, men ligger fortsatt under gjennomsnittet for landet og fylket.</p> <p>Utfordring 7: Samhandling på tvers i kommunen for et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.</p>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområde for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<p>2. Smittevernplan er oppgradert og holdes vedlike framover nå. 3. prosjekt for barn og unge sin psykiske helse «inkluderende skole hverdag» har delvis vært stanset p.g.a. utfordringer med korona. Helsesøster og psyk sykepleier har vært mer tilgjengelig for ungdom på nett. 4. Kommunen har fått inn gode søkere på en del stillinger, ikke minst i helse og barnehage. Dette som et resultat av tiltak på lønn for en del stillinger. 5. Velferdsteknologisk plan er under arbeid, hjemmetjeneste har begynt å kjøpe inn en del medisiner dispensere og slikt. Det har vært en større andel deltakere gjennom Stikk UT, spesielt i gruppe 50+. 6. Kommune jobber med å tenke ut strategier for å påvirke kosthold og levevaner, fallskader etc. p.g.a. korona tider har det ikke vært mulig å ha informasjonsmøter med oppfølging.</p>
<b>Andre kommentarar</b>
<p>7. I en liten kommune som Gjemnes har Korona og regler/ smittesporing etc. tatt mye tid for kommune ledelse, helsepersonell og folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator har vært engasjert i en stor del av smittesporing og oppdatering av regelverk i hele perioden. Derfor har det i år vært mindre fokus utviklingsarbeid.</p>

## Hareid kommune

Kommune:	Hareid kommune
Organisasjonsnummer:	964979278
Skjemaet er utfylt av:	Monica Torvik Stokset
E-postadresse:	<a href="mailto:Monica.torvik.stokset@hareid.kommune.no">Monica.torvik.stokset@hareid.kommune.no</a>
Telefonnummer:	90768532

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	√	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Kariann Bigseth
Stilling:	Assisterande kommunedirektør
E-postadresse:	<a href="mailto:Kariann.bigseth@hareid.kommune.no">Kariann.bigseth@hareid.kommune.no</a>
Telefonnummer:	958 54 834
Namn:	Monica Torvik Stokset
Stilling:	Folkehelsekoordinator
E-postadresse:	<a href="mailto:Monica.torvik.stokset@hareid.kommune.no">Monica.torvik.stokset@hareid.kommune.no</a>
Telefonnummer:	907 68 532

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå	√	
Administrativt nivå	√	
Ulike sectorar	√	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	√		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	√		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	√		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	√		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			√

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Hareid kommune samarbeider med frivillige lag og organisasjonar, både formelt og uformelt. Kommunen deler systematisk informasjon med lag- og organisasjonar om aktuelle tilskotsordningar, med oppmoding om å søke midlar. Har potensial for enda meir og betre samarbeid.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggerane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Hareid kommune er til for innbyggerane. Då er det viktig at innbyggerane melder i frå om sine behov og ønsker. Det kan gjerast både til administrasjonen og direkte til politikarane.



I forkant av kvart kommunestyremøte er det open spørjetime. Då kan alle som er innbyggjarar i kommunen gå på talarstolen med meiningsytringar eller stille spørsmål til politikarane eller administrasjonen. I 2020 har Hareid kommune gjennomført fleire digitale folkemøte i samband med budsjett og omstillingsarbeid i kommunen.

**Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)**

Vurdering av konsekvens for folkehelsa ligg inne som mal i all sakshandsaming. Kommunen har ulike samarbeidsfora på tvers av sektorar, med mål om å jobbe helsefremjande.

**Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)**

**Samarbeidsforum for barn og unge.** Faste deltakarar er leiar for læring og kultur, leiar for velferd, einingsleiar helse- og koordinerande eining, leiar i barnevern, leiar i PPT og folkehelsekoordinator.

**Vekst i Hareid:** Har som hovudmål å auke sysselsetting og verdiskaping i kommunen. Prosjektet er viktig for lokal samfunnsutvikling og arbeid med å utvikle kommunen som stad å bu, og bidra til å skape variasjon i næringslivet, samt sikre eksisterande arbeidsplassar.

**SLT-koordineringsgruppe:** interkommunal og tverrsektoriell gruppe med representantar på mellomleiarnivå (barnehage, barneskule, ungdomsskule, rus- og psykiatri, politikontakt, barnevern, helsestasjon). Gruppen har som mandat å jobbe rus- og kriminalitetsførebyggjande, og å samordne innsats og ressursar. Helsefremjande fokus ligg til grunn, og arbeid med å skape gode vilkår for born og unge i kommunen.

**Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune  
Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen**

**Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.**

Delen eldre over 80 år vil auke kraftig. Dei viktigaste årsakene til sjukdom og redusert helse blant innbyggjarane i kommunen er psykiske plagar og lidingar og muskel- og skjelettsjukdomar. Av psykiske lidingar er det flest med angst og depresjon, særleg gjeld dette i aldersgruppa 15-29 år. Tal frå Ungdata syner at einsemd er utbreidd. Statistikkgrunnlaget tyder på at overvekt og fedme gjeld mange innbyggjarar i kommunen. Hareid kommune skårar relativt lågt på fleire levekårsindikatorar, arbeidsløysa er høg, og utdanningsnivået er lågt. Kommunen har utfordringar med unge personar, som av ulike årsaker, fell utanfor skule og arbeidsliv.

**Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområde for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?**

**Motverke utanforskap:**

- Prosjektmidlar til BTS (betre tverrfagleg samarbeid) blei søkt i 2020, med mål om å styrke arbeid med identifisering og oppfølging av utsette born og unge.
- Inkluderande barnehage og skulemiljøsatsing – nettverkssamarbeid gjennomført saman med pedagogar og tverrfaglege samarbeidspartar i barnehage og skule for å styrke dialogen og kompetansen på tvers i arbeidet vårt med barn og unge. Fokuset var **vaksenrolla og trygt miljø**.
- To personar i kommunen har gjennomført mentoropplæring ved RVTS Vest innan tema radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Dei blir ein del av kommunen sitt ressursteam med kunnskap om å avdekke opp og følgje opp personar som er på veg inn/står i fare for å havne i ein radikaliseringsprosess.
- Frivilligsentralen har etablert nytt tilbod med utdeling av matkasser.

**Gode levevanar – betre helse:**

- Arbeid med kommunen sin trafikktryggingssplan har starta opp.
- Ny fotballhall blei offisielt opna i september 2020.
- Fysioterapeut og folkehelsekoordinator har hatt kosthald- og fysisk aktivitet som tema på foreldreskulen ved alle dei kommunale barneskulane.
- Elevane ved Hareid ungdomsskule har dette året fått servert gratis skulefrukost.

**Aldersvennlege samfunn og inkluderande nærmiljø:**

- Pandemi-situasjonen har ført til utfordringar på dette området, men ein har forsøkt å legge til rette for samlingspunkt i den grad det har vore mogleg innanfor smittevernreglement.
- Med ny teknisk løysing på plass i kyrkja og på Hadartun direkteoverførast gudstjeneste kvar søndag.
- Nytt tilbod på frivilligsentralen med «karagruppe».
- Samarbeid med Soknet og Frivilligsentralen om samtaletilbod gitt til innbyggjarane under pandemien
- Rapport/kartlegging av kommunen sin bygningsmasse er ferdig stilt og lagt fram politisk. Vurdering av bygningsmassen på dei kommunale formålsbygga er eit viktig grunnlag for vidare omstillingsarbeid i kommunen.
- Ferdigstilling av Helsehuset, eit fleirbrukshus som m.a. inneheld bibliotek.
- Soknet har fått ny og fin møteplass med gapahuk ved miljøgata i sentrum, der har det m.a. vore arrangert laurdagscafe.

## Herøy kommune

<b>Kommune:</b>	Herøy
<b>Organisasjonsnummer:</b>	964978840
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Tanja Rafteseth
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:tanja.rafteseth@heroy.kommune.no">tanja.rafteseth@heroy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	70081300/94160135

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Tanja Rafteseth
<b>Stilling:</b>	Planleggar og folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:tanja.rafteseth@heroy.kommune.no">tanja.rafteseth@heroy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	70081300
<b>Namn:</b>	Ole Magne Rotevatn
<b>Stilling:</b>	Avdelingsleiar utvikling
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no">ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	70081300/90974128

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå	x	
Ulike sectorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)	x		Folkehelseoversikt under utarbeiding
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankra folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjer kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	x		
Gjennomfører kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)		x	Ikkje i 2020 grunna korona

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utviklast dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Ja. Mykje gjennom frivilligsentralen. Samarbeidet består både av veletablerte samarbeid og nye (prøve)prosjekt.
<b>Legg kommunen til rette for medverknad og innflytelse frå innbyggerane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Ja, både ved å følgje lovpålagde medverknadsprosessar i planarbeid og prosjekt og ved inkludering og samarbeid med utval elles. Det er oppretta ei generell forslagskasse/innspelskasse for å ha ein låg terskel for innspel og medverknad frå innbyggerane. Kommunen gjennomfører også ulike undersøkingar som gir grunnlag for å skaffe oversikt over folkehelse spørsmål. I 2020 vart det gjennomført ei ny ungdataundersøking i ungdomsskolen.

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Vurdering av konsekvens for folkehelse ligg inne som mal i all sakshandsaming. Kommunen har fleire helsefremjande og førebyggjande samarbeid på tvers av sektorane.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
I Herøy har vi ei tverrfagleg samarbeidsplattform som arbeider med barn og unge si psykiske helse. Den består av barnevern, PPT, helsestasjon, psykiatritenesta, folkehelsekoordinator/planleggar og politiet. Forumet er koordinert frå helsestasjonen.
Kommunen arbeide med folkehelseoversikta ilag med 7 andre kommunar som saman skal arbeide vidare med digitalisering av folkehelseoversikta i eit samarbeid med Høgskulen i Volda.
Kommunen markerer kvart år i oktober verdsdagen for psykisk helse. Dette er eit sektorovergripande arbeid som samarbeider med frivillige og næringsliv. Markeringa kan gå over fleire dagar med ulike opne og lukka arrangement.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<p><b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b></p>
<p>Vi jobbar fortsatt med å oppdatere oversikta over helsetilstand og påverknadsfaktorar og vil komme tilbake til oppdaterte utfordringar når desse ligg føre. Derfor tar vi foreløpig utgangspunkt i folkehelseutfordringar som gjeld frå førre helseoversikt og trendar så langt.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Psykisk helse</li> <li>2. Fysisk inaktivitet og overvekt</li> <li>3. Mogleg auka sosiale skilnadar</li> </ol>
<p><b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b></p>
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Psykisk helse;       <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Prosjektet «Førebygge meir for å reparere mindre» vidareførast og vidareutviklast mellom anna i samarbeid med prosjektet «Livet&amp;sånn» i Ålesund kommune.</li> <li>b. Løfte og utvikle MOT-satsinga med ekstra midlar mellom anna med markering av Verdsdagen for psykisk helse på ungdomsskulen.</li> <li>c. BTI-satsing: kommunen etablerar en tverrsektoriell samhandlingsmodell med digital handlingsveileder, frå «Uro til handling».</li> </ol> </li> <li>2. Fysisk inaktivitet og overvekt;       <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Oppstart av lavterskelgruppe for styrke- og balansetrening, og planer om å starte fleire både for heimebuande og bebuarar på institusjon.</li> <li>b. I samarbeid med Friluftsråda har Stikk UT sesongen blitt utvida til å omfatte vinterfotturar med 5 lokale turar på Sula.</li> </ol> </li> <li>3. Motverke sosiale skilnadar;       <ol style="list-style-type: none"> <li>a. ALLEMED-dugnad er gjennomført med lag og organisasjonar i 2019, dette jobbast det vidare med for å skape betre arena for samhandling mellom kommune og lag og organisasjonar mellom anna for å sikre inkludering av alle.           <ol style="list-style-type: none"> <li>i. Friskus aktivitetstorg er oppretta som eit digitalt samlingspunkt for aktivitet og frivillighet i Sula.</li> </ol> </li> <li>b. Kommunen har hatt Aktivitetstilskot for inkludering av alle barn i fritidsaktiviteter i fleire år, no utvidast denne ordninga til «Kontantkassa» med auka midlar frå Idrettskretsen.</li> <li>c. Det jobbast med å sette i system ei kartleggings- og samtaleordning der alle barn i grunnskulen i Sula vil få spørsmål om deltaking i fritidsaktivitetar gjennom skulesystemet, for å fange opp dei som av ulike årsakar ikkje har moglegheit på lik linje med andre barn.</li> <li>d. Gjennom støtte til og samarbeid med Frivilligsentralen har kommunen bidratt til å styrke Sula sportsbibliotek, som har gratis utlån av mykje utstyr til sommar og vinteraktivitetar.</li> </ol> </li> </ol>

## Sykkylven kommune

<b>Kommune:</b>	Sykkylven
<b>Organisasjonsnummer:</b>	964 980 365
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Lars Petter Vemøy
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no">Lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	4807 1747

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Lars Petter Vemøy
<b>Stilling:</b>	Idrettskonsulent og folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no">Lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	4807 1747
<b>Namn:</b>	Eli Otterlei
<b>Stilling:</b>	Kommunalsjef helse og omsorg
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Eli.otterlei@sykkylven.kommune.no">Eli.otterlei@sykkylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	9320 1413

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå	x	
Ulike sectorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)	x		2020
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		2020
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	Ja	Nei	Starta/delvis
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			x
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)		x	

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Kommunen har godt samarbeid med fleire lag og organisasjonar på frivilligsentralen Fønixhuset, som også administrerer kommunal utstyrssentral for utlån av sportsutstyr/friluftslivutstyr. BOS (brukerorganisasjonane) har kontorlokaler vis a vis rådhuset. Sykkylven kultuhaus vert nytta av fleire lag og korps. BOS v/Mental helse har brukt huset til konferansar.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbygarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Ja, kommunen legg til rette for medverking i planprosessar

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Kommunen søker å ha folkehelse som eige tema i alle planar. Folkehelse er eige tema i malen for konsekvensutgreiing av arealplanar.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Samarbeidsforum: Samfunnsplanleggjar, folkehelsekoordinator, Kommunelege, rådgjevar barnehage og rådgjevar skule, barne og familietenester.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<p>Sykkylven kommune har utfordringar som industrikommune. Ein ligg over fylkes og landssnittet når det gjeld muskel- og skjelettsjukdomar. Dette blir det jobba med på fleire nivå både innan behandling, terapi og førebyggjande tiltak.</p> <p>Kommunen har utfordringar på ungdomssida: Ligg over fylkes- og landsgjennomsnittet når det gjeld overvekt og fedme for ungdom frå 17-år og oppover.</p> <p>For mange i Sykkylven røykjer. 8% av kvinnene. Fylkes- og landsgjennomsnittet ligg på 6%. Dette bør det kunne gjerast noko med.</p>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppfølging av Stikk UT program. Sykkylven vart med i dette gjennom medlemskap i Sunnmøre friluftsråd i 2020.</li> <li>- Tettare oppfølging av personar som slit med muskel og skjelettplager. Kommunen har avtaler med fysioterapeutar og naprapattenester i kommunen. Tverrfagleg samarbeid. Tettare oppfølging.</li> <li>- Kurs i kosthald, livsstil og fedme/overvekt. Fokus på endring av livsstil. Oppfølging og gruppetrening.</li> <li>- Kurs i røykeslutt og ulike tiltak. Fokus på unge kvinner og graviditet. Røyking og sjukdommar. Gevinstar ved røykeslutt.</li> </ul>



GOD HELSE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Tingvoll kommune

Kommune:	Tingvoll
Organisasjonsnummer:	964 981 515
Skjemaet er utfylt av:	Åse Bjerke
E-postadresse:	<a href="mailto:Ase.bjerke@tingvoll.kommune.no">Ase.bjerke@tingvoll.kommune.no</a>
Telefonnummer:	941 38 928

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Jorid Kamsvåg
Stilling:	Virksomhetsleder for behandling, rehabilitering og habilitering
E-postadresse:	<a href="mailto:Jorid.helen.kamsvag@tingvoll.kommune.no">Jorid.helen.kamsvag@tingvoll.kommune.no</a>
Telefonnummer:	959 46 905
Namn:	Åse Bjerke
Stilling:	Virksomhetsleder for Folkehelse og kultur
E-postadresse:	<a href="mailto:ase.bjerke@tingvoll.kommune.no">ase.bjerke@tingvoll.kommune.no</a>
Telefonnummer:	941 387 928

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå	X	
Administrativt nivå		X
Ulike sectorar	X	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	X		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	X		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	X		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			X

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Ja, TK har samarbeid med idrettslagene om tilrettelegging av Stikk UT. I tillegg samarbeider TK med Tettstedprosjektet om tiltak sammen med prosjektleder.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggerane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Årsrapporten for folkehelsearbeidet er behandlet i Helse- og omsorgsutvalget, og det arbeides aktivt med tiltakene som Del 3 legger opp til. Helsestasjonen for ungdom har tatt i bruk verktøyet COS-p, og vi har styrket helsestasjonen.



<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Tingvoll kommune har dette momentet med seg i all planlegging, og i saker som involverer fleire parter blir alle tatt med i prosessen.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergrepande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Nei

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
Befolkningsnedgang, auke i del innbyggjarar over 67 år eller eldre, nedgang i delen barn og ungdom. Fleire mottok stønad til livsopphold, låg trivsel i 10. trinn over fleire år. Fleire som behandlast i sjukehus p.g.a. skade enn landssnittet. Fleire overvektige på sesjon, og større del kvinner som røyker ved første kontroll jordmor. Auka rusbruk blant ungdom, og låg debutalder for alkohol. Meir muskel og skjelett-lidingar, og legemiddelbrukarar for kols og astma. Frå 2021: Ny folkehelse profil viser at Tingvoll kommune skårar dårlegare enn landssnittet på fysisk aktivitet etter fylte 20 år. Vi har god anleggsdekning, men aktiviteten er synkande. Kvinner er meir aktive enn menn, men begge kjønn har synkande deltaking i fysisk aktivitet.
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b>
Auke fokus på fysisk aktivitet blant befolkninga. - Ny fleirbrukshall i Straumsnes med aktivitetssal og klatrehall er under oppføring - Stikk UT er eit framleis prioritert tiltak, nytt i 2020 er også Stikk UT vinter. - Iverksette forebyggjande tiltak knyt opp mot barn og ungdom, samt auke deltakinga i uorganisert fritidsaktivitetar for ungdom. TK har støtta drift av to fritidsklubbar i 2020. - Bruk av COS Parenting i barnehage, skole og helsestasjon. Dette er pågåande tiltak. - Styrking helsestasjon: Vil bli prioritert i 2021. Vidare vil det arbeidast med å skape eit trygt, engasjerande og utviklande lokalmiljø for ungdom, for å auke sjansen for at dei kjem tilbake etter endt utdanning, og å rekruttere nye til å flytte til Tingvoll. Det er etablert en tilflyttingskomite i 2020 som vil ha dette fokuset.

<b>Andre kommentarar</b>
Ikkje gjennomført i 2020, jf. Samarbeidsavtalen med Tingvoll kommune: Ein søknad om oppretting av Frisklivssentral for aktivitets- og meistringstilbud for psykisk utviklingshemma er under arbeid. Samlokalisere og koordinere tenester retta mot familiar i ny verksemd i Familiens hus. Familiens hus vil bli erstatta av eit tverrsektorielt team.

## Ulstein kommune

Kommune:	Ulstein
Organisasjonsnummer:	964979456
Skjemaet er utfylt av:	Leif Ringstad
E-postadresse:	<a href="mailto:leif.ringstad@ulstein.kommune.no">leif.ringstad@ulstein.kommune.no</a>
Telefonnummer:	47301332

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Verner Larsen
Stilling:	Kommunedirektør
E-postadresse:	<a href="mailto:Verner.larsen@ulstein.kommune.no">Verner.larsen@ulstein.kommune.no</a>
Telefonnummer:	98230601
Namn:	Leif Ringstad
Stilling:	Kultursjef
E-postadresse:	<a href="mailto:leif.ringstad@ulstein.kommune.no">leif.ringstad@ulstein.kommune.no</a>
Telefonnummer:	47301332

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverkssmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå	X	
Administrativt nivå	X	
Ulike sectorar		

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	X		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	X		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	X		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			X

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utviklast dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Kommunen legg til rette for samarbeid med frivillig sektor på fleire område. Dette gjeld alt frå planarbeid til meir praktisk tilrettelegging og tiltak som t.d. Stikk-UT og Morotur.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Det enkle svaret på det er ja. Som det var skrive i punktet over er involvering i planarbeid viktig. Sist ut var Levekårsplanen 2021 – 2032, som går til politisk behandling i juni. Her er folkehelse eit viktig element. I arbeidet med planen har det vore brei involvering, med påfølgjande høyringar og innspel.

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Folkehelse vert vurdert og teke omsyn til i all planlegging på tvers av sektorane i kommunen.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Her kan vi nok som kommune bli endå betre. Mykje av det overordna arbeidet på fagfeltet ligg til kommunedirektøren si leiargruppe og til den administrative plangruppa. I plangruppa er kommunedirektør og kommunalsjefane representert, og i tillegg møter folkehelsekoordinator og BU representant. Vises elles til arbeidet i SLT og BTI-arbeidet i kommunen.

**Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune  
Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen**

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatera utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar. (Maks 100 ord)</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fleire eldre</li> <li>- Fleire som bur åleine</li> <li>- Fleire einsame i alle aldrar</li> <li>- Auka nivå av stress og psykiske plager og lidingar</li> <li>- <b>Utanforskap</b></li> <li>- <b>Inaktivitet og fysisk aktivitet</b></li> </ul>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i <u>2020</u> for å møte desse utfordringane?</b>
<p>Her har vi i all hovudsak vidareført arbeidet som var i gong.</p> <p>Det å legge til rette for at folk møtast, med gode og inkluderande møtestader både ute og innandørs har høg prioritet. Vi jobbar heile tida for å utvikle eit helsefremjande, aldersvenleg og levande lokalsamfunn. Ulstein kommune er midt inne i eit parallelloppdrag med fokus på sentrumsutvikling, der framtidssretta omsorg, samlokalisering, møtestadar, parkar og grøntområde er viktige komponentar. Vi jobbar kontinuerleg på tvers av etatar med å betre kultur- og aktivitetstilbod slik at alle grupper skal ha gode og treffande tilbod, både med tanke på fysisk og sosial aktivitet, og vil jobbe vidare med å nå dei som i dag fell utanfor dei tilboda vi har. Vi har også prosjektet Ung Arena gåande, som går på inkludering, der BUA utlånssentral av friluftssport- og aktivitetstutstyr er eit av delprosjekta. Dette tilbodet vil vi vidareutvikle.</p> <p>Det kan også nemnast at vi er i sluttfasen med arbeidet med ny Levekårsplan for kommunen, og i det arbeidet har det kome fram tiltak og strategiar som støttar opp under folkehelsearbeidet i kommunen.</p>

## Vanylven kommune

<b>Kommune:</b>	Vanylven kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	964 978 662
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Hanne Morseth
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:hanne.morseth@vanylven.kommune.no">hanne.morseth@vanylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	950 24 557

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Hanne Morseth
<b>Stilling:</b>	Folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:hanne.morseth@vanylven.kommune.no">hanne.morseth@vanylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	950 24 557
<b>Namn:</b>	Andreas Chr. Nørve
<b>Stilling:</b>	Kommunedirektør
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Andreas.christian.norve@vanylven.kommune.no">Andreas.christian.norve@vanylven.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	928 47 803

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå	x	
Ulike sectorar	x	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)			x
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	x		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)	x		

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Vanylven har samarbeid med frivillig sektor på ulike områder. Det er til dømes samarbeid med Vanylven fritidsordning og SFO, det er tett samarbeid i forbindelse med medlemskap i Sunnmøre friluftsråd og Stikk UT!
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Kommunen har halde fleire digitale folkemøte, samt at kommunestyremøte vert sendt direkte på kommunen si Facebook side. Kommunen fordrar å legge til rette for innbyggjarane til å ta kontakt og kome med synspunkt og innspel. Ved innhenting av informasjon i forbindelse med folkehelseoversikta var blant anna ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma intervju.

<p><b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b></p>
<p>I planer som vert sendt til politisk behandling skal sakshandsamar vurdere konsekvensar for folkehelsa. Det er tett samarbeidet mellom helse og oppvekstsektoren med forebyggjande fokus. Administrativt har kommunen regelmessige møter i kommunedirektøren sitt leiarteam der kommunelege deltek. Dette bidreg til å styrke folkehelseperspektivet på overordna nivå og gi ekstra tyngde på folkehelse inn i samfunnsplanlegginga.</p>
<p><b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b></p>
<p>Kommunen arbeider for å styrke det tverrfaglege samarbeidet, samt fremje livsmeistring og folkehelse. Kommunen har motteke midlar frå Folkehelseprogrammet som går på organisering som fremjar folkehelse og hindrar utanforskap. I styringsgruppa sit kommunedirektør, kommunalsjef HEOM og KUOP, kommunelege og leiår FLS. På overordna nivå vert folkehelsearbeidet ivarteke i kommunedirektøren sitt leiarteam.</p>

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<p><b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b></p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Befolkningssamansetting. Vanylven kommune er ei fråflyttingskommune. Av innbyggjarane har vi ein prosentvis høg del eldre og minkande del yngre og i arbeidsfør alder.</li> <li>• Utfordrande rusbilette. Gjennom kvantitative og kvalitative undersøkingar har bruk av ulovleg rusmiddel utmerka seg som eit område for bekymring.</li> <li>• Psykisk helse. Gjennom kartleggingar ser vi auke i tal frå tidlegare år og også gjennom kvalitative intervju vert negativ utvikling innan psykisk helse trekt fram som ei bekymring.</li> </ul>
<p><b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b></p>
<p>Folkehelse rommar mykje, og veldig mykje kan og bør ein sjå i samanheng med kvarandre. Vanylven kommune ynskjer å bygge gode fundament for folkehelseiltak som vert sett i verk og som vil ha direkte førebyggjande effekt på fleire felt fram i tid gjennom systematisk arbeid.</p> <p><u>Utfordring: Befolkningssamansetting.</u> Kva har kommunen gjort:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Økonomiske intensiv til å busette seg i kommunen</li> <li>- Jobbar for gode ferdelsårer til nabokommunar</li> <li>- Arbeide systematisk for gode oppvekstvilkår og miljø som gjer det attraktivt å busette seg i kommunen</li> <li>- Planlegge for at det er barnehage, skule, arbeidsplassar og bustadar til innbyggjarane</li> </ul> <p><u>Utfordring: Rusmiddel og psykisk helse</u> Kva har kommunen gjort:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunen har gjennom 2020 etablert familie- og læringscenteret for å kome tidleg inn og tett på</li> <li>- Gjennom prosjekt og bevisstgjerig arbeide for eit felles tankesett i organisasjonen som kan hindre utanforskap. Samarbeid på tvers for å fange opp sårbare grupper.</li> <li>- Søkt og fått innvilga midlar blant anna gjennom Folkehelseprogrammet, BTS, Ungdomslos, styrking innan helsestasjonen med meir</li> <li>- Innføring av «Livet og sånn» i skulen</li> </ul> <p>Trygt og inkluderande oppvekstmiljø er viktig for styrking av psykisk helse og for nedgang i bruk av rusmiddel. Gjennom blant anna politiråd, samarbeid med kompetansesenteret Rus Midt-Norge, samarbeid med skule og andre tverrfaglege møter har utfordringane vore diskutert for felles forståing og fokus på utfordringane.</p>

## Vestnes kommune

<b>Kommune:</b>	Vestnes kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	939 901 965
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Skjalg Fladset-Skrove
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:skjalg.fladset.skrove@vestnes.kommune.no">skjalg.fladset.skrove@vestnes.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	900 43 495

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Skjalg Fladset-Skrove
<b>Stilling:</b>	Konstituert einingsleiar kultur
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Skjalg.fladset.skrove@vestnes.kommune.no">Skjalg.fladset.skrove@vestnes.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	900 43 495
<b>Namn:</b>	Greta Bjerke
<b>Stilling:</b>	Kommunalsjef helse
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Greta.bjerke@vestnes.kommune.no">Greta.bjerke@vestnes.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	911 42 009

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverkssmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		X
Administrativt nivå	X	
Ulike sectorar	X	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)			X
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)			X
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)			X
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			X

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Ja, i arbeidsgruppa for folkehelse i kommunen har vi med leiar av frivilligsentralen.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggerane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Ja, gjennom ungdomsrådet, elderrådet og råd for funksjonshemma.
<b>Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sectorane? (punkt h)</b>

Ja, Vestnes kommune er ei IA bedrift. Kommunen gir tilbud om gode rabattordningar på treningssenter som HMS tiltak. Møteplassen er eit oppfølgingstiltak for sjukmeldte arbeidstakarar. Dei ulike einingane har fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet.

**Vidareutviklar kommunen det sektorovergrepande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)**

Vestnes kommune har ein arbeidsgruppe beståande av kommunalsjef for helse, einingsleiar kultur og leiar av frivilligsentralen. Videre er det tenkt at fleire fagpersoner skal inn i gruppen for å se på det vidare arbeidet og behovene.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

**Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.**

- Aldrande befolkning
- Tilbod og møteplassar til born og unge
- Integrering
- Psykisk og fysisk helse i blant born, unge og eldre
- Einsamheit

**Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?**

1. Overordna folkehelsearbeid, eldre.  
Det har blitt jobba mot å få på plass ein livsgledekoordinator i 2020, som endte med ansettelse i starten av 2021.
2. Vi har hatt lærarar frå kulturskulen som har gjennomført songstund/musikkstund på 4 institusjonar for eldre, demente og med psykiske lidelsar kvar veke gjennom skuleåret.
3. Dagtilbod for heimeboande på dagsenter.
4. Økt fokus på bruk av digitale hjelpemiddel for eldre.



GOD HELSE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Volda kommune

Kommune:	Volda
Organisasjonsnummer:	939 760 946
Skjemaet er utfyllt av:	Ulrik Vik Nakken, folkehelsekoordinator
E-postadresse:	<a href="mailto:ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no">ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no</a>
Telefonnummer:	917 29 469

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Ulrik Vik Nakken
Stilling:	Friskliv- og folkehelsekoordinator
E-postadresse:	<a href="mailto:ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no">ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no</a>
Telefonnummer:	917 29 469
Namn:	Svein Berg Rusten
Stilling:	Kommunalsjef helse og omsorg
E-postadresse:	<a href="mailto:svein.berg.rusten@volda.kommune.no">svein.berg.rusten@volda.kommune.no</a>
Telefonnummer:	918 68 329

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		X
Administrativt nivå	X	
Ulike sectorar	X	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helse? (punkt a)	X		
Har oversikta over folkehelse inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	X		X
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	X		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			X

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Ja, Volda kommune har sidan 2020 arbeida med å få på plass ei digital aktivitetsoversikt ( <a href="http://volda.friskus.com">volda.friskus.com</a> ) som frivillige lag og organisasjonar kan nytte for å marknadsføre seg og sine tilbod og for å rekruttere frivillige og deltakarar til sine tilbod. Volda kommune har to Frivilligsentralar som arbeidar tett mot frivillig sektor.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbygarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Ja, funn frå folkehelsekartleggingar og –undersøkingar, som til dømes Ungdataundersøkinga, vert presentert både for politiske utval som Ungdomsråd og for målgruppa på skulen. Gjennom deltaking i <i>Nærmiljøprosjektet</i> har Volda kommune fått prøvd ut ulike formar for medverknad og fått auka sin kompetanse på ulike typar medverknadsprosessar. Kunnskap frå desse prosessane har vore kjelder til kunnskap i både planarbeidet og i oversiktsdokumentet over folkehelse.



<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Vurdering av konsekvensar for folkehelsa er eit punkt som skal fyllast ut i all sakshandsaming. I tidlegare Volda kommune sin samfunnsdel frå 2016 er folkehelse eit overordna og førande prinsipp for heile planen. Arbeid med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel har blitt starta opp i februar 2021.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergrepande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Folkehelsekoordinator er fast deltakar i administrativt planforum som er eit tverrsektorielt møteforum med deltakarar frå rådmannen sin stab, sektor for samfunnsutvikling, landbruksavdelinga, barn og unge sin representant i plansaker, kommuneoverlege og næringsforum.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
Demografiske endringar vil gi ei auke i den eldste delen av befolkninga og forsørgarbyrden i kommunen vil auke. Fleire bur åleine enn tidlegare og tal frå ungdataundersøkinga syner at fleire unge er plaga av einsemd enn tidlegare. Talet på ungdom som er mykje plaga av einsemd og av depressive symptom er høgare enn både lands- og fylkesnittet. Sosiale skilnadar har auka dei siste åra både målt gjennom inntektsulikheit og gjennom levealder for dei med høg utdanning samanlikna med levealder for dei med låg utdanning. Talet på låginntektsfamiliar har også auka dei siste åra og Volda kommune har ein høgare del av befolkninga i låginntektsfamiliar enn fylket.
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b>
Folkehelsearbeidet i Volda kommune i 2020 har i stor grad handla om å revidere folkehelseoversikta for å skaffe ei oppdatert oversikt over helsetilstanden i befolkninga og påverknadsfaktorar i «nye Volda». Oversikta er naudsynt for å kunne utforme målretta tiltak for å møte folkehelseutfordringane til kommunen. Folkehelseoversikta blei lagt fram for politisk godkjenning våren 2021 og folkehelseoversikta er mellom anna med på å synleggjere FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet.
I 2020 har Volda kommune arbeida målretta med FN sine berekraftsmål. Hausten 2020 hadde formannskapet, administrativ leiing og folkehelsekoordinator to arbeidsmøte som vart leia av kommuneplanleggjar. Målet med arbeidsmøta var å auke kunnskapen omkring berekraftsmåla, sjå på kva betydning måla har for kommunen, velje ut kva berekraftsmål kommunen ønskjer å prioritere og sjå på kva berekraftsmål kommunen kan påverke. I desse arbeidsmøta blei utviklingstrekk for kommunen og funn frå arbeidet med folkehelseoversikta presentert som eit kunnskapsgrunnlag for å gjere prioriteringane.
Eit funn frå oversiktsarbeidet er at prosentdelen låginntektsfamiliar har auka dei siste åra og ein ser teikn til at dei sosiale skilnadane i kommunen har auka. Tal frå Ungdataundersøkinga syner at prosentdelen ungdomsskuleelevar som deltek i organiserte fritidsaktivitetar har gått ned sidan førre undersøking. Våren 2020 søkte kommunen difor om deltaking i Bufdir si forsøksordning med Fritidskortet. Volda blei ikkje vald ut blant kommunane i 2020, men har blitt plukka ut som ein av 12 pilotkommunar i 2021 på bakgrunn av søknaden som blei utarbeida i 2020. Målsettingar med dette arbeidet er auke andelen barn og unge som deltek i organiserte fritidsaktivitetar og på denne måten hindre utanforskap samt få ei samla oversikt over aktivitetstilbod i Volda kommune både for barn, unge, vaksne og eldre.



GOD HELSE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Ørsta kommune

Kommune:	Ørsta
Organisasjonsnummer:	939 461 450
Skjemaet er utfylt av:	Oddvar Marøy
E-postadresse:	<a href="mailto:Oddvar.maroy@orsta.kommune.no">Oddvar.maroy@orsta.kommune.no</a>
Telefonnummer:	918 51 882

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	X	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

Namn:	Ingvild Endal
Stilling:	Folkehelsekoordinator
E-postadresse:	<a href="mailto:Ingvild.endal@orsta.kommune.no">Ingvild.endal@orsta.kommune.no</a>
Telefonnummer:	
Namn:	Oddvar Marøy
Stilling:	Stabsleiar Tildeling og koordinering
E-postadresse:	<a href="mailto:Oddvar.maroy@orsta.kommune.no">Oddvar.maroy@orsta.kommune.no</a>
Telefonnummer:	918 51 882

	JA	NEI
Har følgande nivå/sektorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå	X	
Administrativt nivå	X	
Ulike sektorar	X	

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	X		
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	X		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	X		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	X		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)	X		

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Kommunen arbeider kontinuerleg med samarbeid med frivillig sektor og ynskjer utvikling av dette. Siste året med C19-pandemi har ikkje gitt spelerom for aktivitet slik ein skulle ynskje.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbygarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Mest gjennom formelle kanalar i politiske råd og utval.

<b>Vurderer kommunen følger for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
Det er ei målsetting at folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging og at følger for helse og trivsel er med som risikofaktor ved konsekvensvurderingar i alternative framlegg. Ørsta kommune arbeider tverrgåande på mange områder, t.d. gjennom tverrfaglege nettverk (leiarnettverk barn og unge), gjennomgang av planstrategi i kommunedirektøren si leiargruppe og gjennom samarbeid mellom helsefag og friviljug sektor som interesseorganisasjonar og idrett.
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Kommunedirektøren sin leiargruppe er forum for drøfting av overordna plan og planstrategi i kommunen der ein gjennomfører samordning av kommuneplanar og aktuelle delplanar. Folkehelse er blitt eit stadig sterkare perspektiv for ulike sektorar og den kommunale leiinga og har eit innhald som alle har eigarskap til.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtalen

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/oppdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- For mange av innbyggjarane (i alle aldrar) er lite fysisk aktive</li> <li>- Overvekt og «feil» kosthald</li> <li>- Endra demografi med fleire eldre medfører aika behov for kommunale tenester</li> <li>- Fleire unge opplever einsemd og har psykiske plager</li> <li>- Utanforskap</li> </ul> <p>Folkehelseutfordringane som er lista opp er uendra, men på nokre områder har pandemien C19 truleg forsterka utfordringane på ein negativ måte og i nye former.</p>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Aktivt bruk av og bevisstheit om FN sine bærekraftsmål og folkehelseperspektiv inn i arbeid med planstrategi og utarbeiding av planar i kommunen.</li> <li>- Starta arbeid med «Tussaparken», ein aktivitetspark for barn/familiar i sentrum og ligg lett tilgjengeleg mellom kjøpesenteret og småbåthamna.</li> <li>- Tilsett kommunepsykolog som har særleg fokus på barn og unge og delteke tett opp mot skulane og barnehagane i kommunen. Stillinga er knytt helsestasjonen og arbeider både på systemnivå gjennom rettleiing av andre tenesteytarar men også mot ungdom/familiar som har utfordringar med tilpassing og fungering i skule eller på fritid.</li> <li>- Ørsta kommune er ei av to vertskommunar for prosjektet «Leve hele livet» i M&amp;R.</li> <li>- Utprøving og bruk av velferdsteknologi på nye området for å auke/betre mulegheita for å kunne bu sjølvstendig og ha trygghet i eigen kvardag. Dette er gjort gjennom investering i ny plattform med fleksible tilkoblingsmulegheiter.</li> </ul>

<b>Andre kommentarar</b>
Folkehelsekoordinator har hatt utdanningspermisjon frå stillinga i haustsemesteret. Oppfølging av oppgåver er i denne perioda er fordelt eller blir gjort på timebasis av folkehelsekoordinatoren.
Ørsta kommune er vertskommune for utvikling av digital folkehelseoversikt og har i 2020 arbeidd med å etablere prosjektorganisasjon for oppstart av dette. Arbeidet har m.a. som siktemål å gjere folkehelseoversikta meir tilgjengeleg og interessant for beslutningstakarar i ulike roller. Prosjektet har støtte frå RFF og vil vere eit samarbeid mellom Sjustjerner kommunane og HiVolda.

## Ålesund kommune

<b>Kommune:</b>	Ålesund kommune
<b>Organisasjonsnummer:</b>	920415288
<b>Skjemaet er utfylt av:</b>	Ingvill Holmen
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Ingvill.Karin.Aarskog.Holmen@alesund.kommune.no">Ingvill.Karin.Aarskog.Holmen@alesund.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	45418869

	JA	NEI
Har tilskotet vorte nytta i samsvar med punkt 7 Økonomi i samarbeidsavtalen?	x	

### Status for kommunen sitt ansvarsområde i punkt 3 samarbeidsavtalen

Kommunen skal ha to ressurspersonar knytt til det strategiske folkehelsearbeidet: (punkt e)

<b>Namn:</b>	Anne Mette Liavaag
<b>Stilling:</b>	Stabsjef Plan, samfunn og næringsutvikling
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Anne.mette.liavaag@alesund.kommune.no">Anne.mette.liavaag@alesund.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	99232321
<b>Namn:</b>	Ingvill Karin Aarskog Holmen
<b>Stilling:</b>	Folkehelsekoordinator
<b>E-postadresse:</b>	<a href="mailto:Ingvill.karin.aarskog.holmen@alesund.kommune.no">Ingvill.karin.aarskog.holmen@alesund.kommune.no</a>
<b>Telefonnummer:</b>	45418869

	JA	NEI
Har følgende nivå/sectorar frå kommunen deltatt på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet? (punkt l)		
Politisk nivå		x
Administrativt nivå	x	
Ulike sectorar		usikker

	JA	NEI	Starta/ delvis
Har kommunen nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa? (punkt a)	x		Folkehelseoversikt etter forskrift er delvis utarbeidd.
Har oversikta over folkehelsa inngått som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planar og tiltak? (punkt b)	x		
Har kommunen forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt? (punkt d)	x		
Synleggjere kommunen FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet? (punkt i)	x		
Gjennomføre kommunen opplæring av folkevalde med folkehelse tema? (punkt m)			Har ikkje gjennomført egen opplæring

Svar/utdyp spørsmåla med maks 50 ord per svar:

<b>Legg kommunen til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikles dette samarbeidet? (punkt f)</b>
Kommunen samarbeider med frivillig sektor, men det er behov for forenkling og betre informasjon. Det er under utarbeiding ei eiga handbok for samarbeid med innbyggjarane.
<b>Legg kommunen til rette for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelse spørsmål? (punkt g)</b>
Kommunen har folkehelsestrategi under utarbeiding og har i den samanheng gjennomført direktesendt debatt om strategi på «kommune-tv». Strategien har også blitt sendt ut til høyring i alle 11 kommunedelsutval, idretts og kulturråd, fire politiske komitear, råd for personar med nedsett funksjon,

eldreråd og ungdomsråd, samt opa høyring for innbyggjarane, organisasjonar og næringsliv. Kommunen har motteke mange høyringssvar som vert teke med inn i den endelege utforminga av strategien.
<b>Vurderer kommunen følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeider kommunen helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane? (punkt h)</b>
<p>Dette er et område som vi har sett på dagsorden i folkehelsestrategien. Det er behov for i større grad å ta i bruk helsekonsekvensvurdering/utredning som verktøy. Fem representanter frå kommunen har i mars 2021 delteke på kurs om helsekonsekvensutredning arrangert av fylkeskommunen. Dette vil være kompetanse som vi må bruke tid på å formidle/bygge opp i ulike verksemder i kommunen.</p> <p>Kommunen har etablert eit felles møteforum for friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Dette er samansett av to idrettskonsulentar frå kulturavdelinga, to ingeniørar frå veg/anlegg/park, ein landskapsarkitekt frå planavdelinga og folkehelsekoordinator.</p> <p>Det er etablert ordning for barnerepresentant-arbeid.</p> <p>I folkehelsestrategien er utvikling av betre samarbeid og kompetanseheving om folkehelse, eitt av innsatsområda som kommunen har sett på agendaen for dei neste fire åra i strategien.</p>
<b>Vidareutviklar kommunen det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankrar det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling? Kven deltek i samarbeidsforumet? (punkt j)</b>
Det er ikkje etablert eit eige sektorovergripande samarbeidsforum for folkehelsearbeidet i den nye kommunen. Dette er det behov for å få på plass.

## Status på Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune Ref. del 3 i vedlegg til God Helse-samarbeidsavtale

<b>Del 3.1. Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar – Før opp beskriving frå 3.1. Dersom det er behov for å endre/opdatere utfordringane så er det høve til det. Uthev endringar.</b>
<p>Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Koronapandemi. I tillegg til sjølve sjukdomen, så ser det ut til at smitteverntiltak og begrensingar fører til utfordringar for fleire av ungdomane i form av skulefråvær, spiseforstyrningar, psykiske utfordringar, lågare fysisk aktivitetsnivå, redusert deltaking i organisert aktivitet. Dette er ringverknadar vi ikkje ser heilt omfanget av ennå, men helsesjukepleiarne rapporterer om stor pågang med slike problemstillingar</li> <li>- Psykisk helse. Barn, unge og eldre.</li> <li>- Skulefråvær i grunnskulen blir rapportert som et aukande problem. Dette kan ha store ringverknadar for helse både for den enkelte elev og pårørande. Kommunen manglar god nok oversikt over problemet og behov for tiltak.</li> <li>- Fysisk aktivitetsnivå i befolkninga går nedover, og spesielt gjeld dette barn og unge</li> <li>- Sosial ulikskap er aukande utfordring i kommunen. Markant auke i talet på familiar som melder behov for matkasser (som blir delt ut av frivillig organisasjon ved høgtider) er med på å understreke dette.</li> <li>- Rusbruk. Aukande utfordring blant ungdom og eldre.</li> </ul>
<b>Del 3.2. Skisserte prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden og kva kommunen vil gjere for å møte desse utfordringane. Kva har kommunen gjort i 2020 for å møte desse utfordringane?</b>
<p>Kommunen har prioritert fylgjande innsatsområde for folkehelsearbeidet dei neste fire åra:</p> <p>Kvardagsaktivitet Gode nærmiljø Psykisk helse barn, unge og eldre Utjamne sosial ulikskap Aldersvenleg samfunn Samarbeid og kompetanse</p> <p>I 2020 har kommunen mellom anna jobba med prosjekta «Livet og sånn», «Bevegelsesglede og mestring» som ein konsekvens av folkehelseutfordringane, samt jobba med å tydeleggjere fokehelsearbeidet i</p>

kommuneplanen sin samfunnsdel, samt utarbeiding av folkehelsestrategi. Strategien skal vedtakast i mai/juni og er akkurat no ferdig med høyringsrunde.

**Andre kommentarar**

Legg her ved lenke til folkehelsestrategien som har vore til høyring. Endeleg versjon vert vedteke i mai/juni.  
<https://pub.framsikt.net/plan/alesund2020/plan-folkehelsestrategi/#/>



## Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde  
Julsundvegen 9, 6412 Molde

Tlf: 71 28 00 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
Web: [mrfylke.no](http://mrfylke.no)